

Svar på grunngeve spørsmål frå Morten Klementsens 6. mars 2019

Svaret mitt er basert på informasjon som er innhenta frå rådmannen. Høgsterett har gjennom to dommar («Avlastar 1» frå 2013 og «Avlastar 2» frå 2016) trekt grenseoppgangar mellom arbeid og oppdrag for avlastarar. Etter desse dommene vil avlastarar normalt bli sett på som arbeidstakarar, og dei vert då m.a. omfatta av arbeidsmiljølova sitt regelverk. Begge dommene har også i nokon grad eit visst overslag til støttekontaktoppdrag, kanskje særskilt i tilfelle der oppdragstakar har kombinasjon av avlastaroppgåver og støttekontaktoppgåver.

KS har gjennom ulike rundskriv, m.a. B-rundskriv 07/2016 gjort greie for konsekvensane av desse dommene og gitt råd om korleis kommunane skal praktisere regelverket på ein korrekt måte. Vilkåra for avlastarar er seinare blitt regulert gjennom ein eigen særavtale (SGS 1030). På bakgrunn av gjeldande rett innan området har Meland kommune gått gjennom alle avlastaravtalane og regulert desse i samsvar med særavtalen. Det vert presisert at dette gjeld avlasting i eigen heim. Avlastarar som jobbar i kommunen sine avlastingsbustader har alltid hatt ordinær arbeidsavtale.

For å avgjere om eit støttekontaktoppdrag skal definerast som arbeid og ikkje oppdrag, er det fleire faktorar som spelar inn. M.a. er omfanget av oppdraget ein vesentleg faktor. Med bakgrunn i «Avlastar 2-dommen» tilrår KS at oppdrag over 5 timer vert definert som arbeid, jf. B-rundskriv 07/2016.

I den konkrete tvistesaka det vert referert til, vart det inngått eit utanomrettsleg forlik, dette med bakgrunn i dei to høgsterettsdommene. Forliket har vore styrande for saksbehandling og konklusjon i et par tilsvarende støttekontaktsaker. Talet på slike saker har vore avgrensa, ettersom det er sjeldan at støttekontaktoppdraga har så stort omfang som i tvistesaka.

Meland heimeteneste har både støttekontaktavtaler som er under 5 timar og avtaler som er over 5 timar. Tenesta har for tida 54 støttekontaktar. Tenesteområdeleiar opplyser at dei får dekkja inn mange av oppdraga, men at dei har ei utfordring med å finne vaksne støttekontaktar til menn med psykiske problem.

Det er viktig å presisere at tildeling av støttekontakt til ein brukar er ein rett som blir tildelt gjennom eit enkeltvedtak fatta av saksbehandlar i heimetenesta. I vedtaket blir talet på timar spesifisert, vedtaket kan også klagast på.

Rådmannen vil tilbakevise påstanden om at kommunen driv forskjellsbehandling av tilsette. Alle avtaler, anten dette er arbeidsavtalar eller oppdragsavtalar, vert inngått i samsvar med gjeldande rett og avtaleverk. Ordførar har tillit til dette.

Eg ser ikkje at det skulle vere behov for ei særskilt sak til kommunestyret på dette no. Ein måte kan vere at Utval for levekår får ei orientering om praksis på dette feltet i Meland kommune.